



Vinde-treet



Sogeskrift for Vindafjord
1995



Vindetreet

Sogeskrift for Vindafjord 1995

Utgjevar:

Sandeid, Vikedal og Imsland sogelag

Skjold og Vats sogelag

Skriftstyre:

Solveig Eidhammer Tomas Finnvik Beret Guldberg


Eli Opsal Svein Terje Vestbø Nils Olav Østrem

Teikningar:

Bjørg Lise Vestbø

ISSN: 0805-4878

Som AT-gut i Vikedal 1943



Vedhogst på Bala. - I slike ver gjer det godt med ein kopp varm mjolk under ein logn berghellar.

Av Peder Sortland

Sjølve det praktiske innhaldet i arbeidstenesta har eg ikkje sett omtala i dei historiske bokverka eller anna trykt materiale som eg har hatt tilgjenge til. Grunnen til det er vel enkel nok. Arbeidstenesteideen her i landet var tankegods frå Nasjonal Samling - Vidkun Quisling sitt parti.

Dette partiet organiserte arbeidsteneste-leirar på friviljug basis frå 1934 til 1940, den første i Malvik i Sør-Trøndelag i 1934. I 1940 innførte Administrasjonsrådet ei friviljug arbeidsteneste med sikte på gjenreising av dei krigsøydelagde stadene i landet.

Våren 1941 gjorde NS-styresmaktene arbeidstenesta obligatorisk for menn over 20 år i staden for militærtjeneste, som då hadde falle bort, og for kvinner 1941-42. Dei første som vart innkalla 1. mai 1941, fekk 3 månaders

teneste. Seinare vart tenesta utvida til 6 månader. For dei som vart innkalla til å møta 1. mai 1943, var tenestetida 6 månader. Eg var ein av dei.

Ideologien bak AT

Det ideologiske innhaldet for den obligatoriske arbeidstenesta var tosidig. Det første var at all ungdom skulle gjennom ærleg praktisk arbeid og idrett få ei god fysisk fostring. Gjennom arbeid, idrett og kulturelle tiltak auka kameratskap og samhald, og at ungdom frå rikmannsheimar og frå småkårsheimar, frå by og land, var likestilte i tenestetida. Det var meir spørsmål om kva du var, enn kven du var. Song utgjorde ein stor del av dei kulturelle aktivitetane, serleg til og frå arbeidsplassen. AT hadde eiga songbok.

Det andre føremålet var å styrkja sjølve den gamle dugnadstanken. Dei arbeidsoppdragene som arbeidstenesta tok på seg, var tiltak som

einskildpersonar eller grupper elles ikkje kunne få utført, t.d. senkingsarbeid i samband med drenering og dyrking, vegar til bureisingsbruk og liknande. Avskrella det politiske fåkepratet, var dette hovudinnhaldet i AT-ideologien.

Praktisk målsetjing

Den praktiske målsetjinga, slik ho var utforma i "Håndbok for Arbeidstenestemann en" var slik:

1. Samla all norsk ungdom for å styrkja solidaritetskjensla og byggja landet.
2. Skapa respekt for alt ærleg arbeid.
3. Verna om vårt folks nasjonale eigenart og kulturverdiar.
4. Utan å fortrengja vanleg arbeid, nytta ut ungdomen si arbeidskraft til løysing av store nasjonale oppgåver.
5. Skapa samkjensle tvers gjennom yrke, distrikt og lag i folket.

Likskap med andre AT-organisasjonar

I mellomkrigsåra vart det innført arbeidsteneste i fleire land for å avhjelpa arbeidsløysa. Mest kjend er den tyske, som var obligatorisk for menn 18-25 år. Den vart innførd i 1935, og var organisert etter militært mønster. Ordninga vart sett inn for å løysa dels sivile oppgåver, men i dei siste åra før verdkrigsen og under krigen til militære oppgåver som bygging av festningsanlegg, flyplassar, forlegningar o.l. I tillegg til det utførte arbeidet, var nok føremålet også ideologisk påverknad og å tena som førebuing til militærtenesta.

Me finn visse element i den norske AT som kan minna om den tyske. Serleg galdt det som ei førebuing til seinare militærteneste. Den første månaden me var inne, vart nytta til eksersis og idrett. Me brukte spade i staden for gevær. Spaden var til og med av tysk fabrikat med innstansa RAD på bladet. Me gjekk gjennom alt om slutta orden - i det heile å kunna oppføra oss som ei avdeling. Dette førde med seg at når det norske heimevernet vart skipa i 1946, kunne desse AT-gutane tre inn i rekkene berre ved å gje dei ei tilleggs-

utdanning i våpenbruk og vanlege heimevernsdisiplinar. Hermed stansar likskapen med den tyske RAD.

Regelverket for den norske AT var heller eit tilpassa regelverk frå det norske militæret. Nasistisk ideologi-påverknad vart me ikkje utsette for i det heile dei 6 månadene eg var inne til AT-teneste. Når det galdt oppdragene dei andre 5 månadene, var dei alle nyttelege oppgåver for folk og land. Eg skal seinare i artikkelen koma meir inn på kva oppdragene gjekk ut på og dokumentera det med foto.

Kven var så dei som var befat?

Mange av dei høgare befala hadde høgare utdanning frå førkrigsmilitæret med tilleggsutdanning frå AT sine eigne skular. Andre hadde ei fagutdanning, t.d. gartnerar eller agronom med tilleggsutdanning frå AT-skulane. Dei eg kom i kontakt med var gode ungdomsleiarar. På meg verka dei som gode idealistar. Det som sit att i minnet er opplevingane gjennom arbeid, idrett og kulturelle tiltak, med godt kameratskap. Prologen til avslutningsfesten for kullet mitt, skiven av lagførar Tore Juland, er attgjeven annan stad i artikkelen. Juland var utdanna som gartner i Tyskland. Takka vere hans historiske sans kan me presentera fleire interessante foto frå arbeidet AT utførte i Vikedal.

Den største delen av befalet var nok diverre NS-medlemmer, om enn passive. Serleg mellom det lågaste befalet - lagførarane - var det ein god del som ikkje var medlemmer. Me hadde såleis befat både med og utan solkorsmerke. Om det var medlemsplikt eller ikkje for befat over ein viss grad, kan eg diverre ikkje dokumentera. I det daglege, praktiske arbeidet i tenesta, var det inga ulempe om dei hadde solkorsmerke eller ikkje. Me var sjølv sagt varsamare med kva me sa når ein solkorsing var i nærleiken.

Litt om AT-guten som skriv denne artikkelen

Av tenesteboka mi går det fram at eg var på sesjon 8. november 1942, og vart innkalla til å mota i Vikedal 1. mai 1943. Me var berre tre frå Bomlo. Med skyssbåten "Rex" frå Dåfjorden kom me oss til Leirvik og vidare

til Ølen med snøggruta Bergen-Sunnhordland. Då me kom eit stykke ut på fjorden frå Leirvik, blei me vare ei større samling av tyske marinebåtar. Denne aktiviteten var i samband med at to tyske gestapistar hadde vorte skotne på Sunde av Chr. Tønseth. Me fekk og seinare høyra at det hadde vore 300 tyske soldatar på leiting etter Tønseth. Sjølvaste Reichkommisar Josef Terboven hadde vore med. Marinebåtane gjorde ingen teikn til rutebåten me var om bord i, så me kom fram til Ølen til vanleg rutetid.

Dei fleste som skulle møta i Vikedal var med båten. Dette var gutar frå heile Sunnhordland og Midthordland. På kaien i Ølen var befal frå Vikedal og tok mot oss. Frå kaien marsjerte me opp til toppen av bakken på vegen mot Sandeid. Etter ei tid kom der generatorbussar som køyrdes oss til leiren på Mo i Vikedal. Eg meiner der var utlagt sengety på køyene i brakkene me skulle bu i. Eg kom i 3. lag 1. tropp. Lagføraren vår heitte Haugen og var frå Stavangerområdet. Han var ikkje solkorsing. Det var seint på kveld då me var komne i orden, og me sovna som ein Stein alle åtte på rommet.

Innkallinga til AT skipla framtidssplanane mine. Eg hadde reist på fiske dei siste åra som kokk og hadde fått elevplass på Bergen kokk og stuertskole. For tobakks- og brennevinsrasjonane på fiske hadde eg bytt til meg kvite luver og jakker med tanke på å byrja på skule i Bergen i august. Opphaldet i Vikedal, og kameratar eg var saman med der, fekk meg over på landbruksutdanning. Dette er ei anna historie. Luvene og jakkene fekk eg selt.

Frå no av og 6 månader, framover skulle eg vera nr. 90237 Sortland i 3. lag første tropp av 4. Rogaland sveit, Vikedal, med Haugen som lagførar og Samuelsen som troppsørar. Samuelsen var haugesundar, solkorsing, ein blond og stram kar som me kom rimeleg godt ut av det med. Han var ein god idrettsinstruktør. Me kom sers godt ut av det med lagførar Haugen.

Litt om leiren i Vikedal

Leiren var vinterbygd. I fylgje Juland sine notat tok arbeidet til i andre halvår 1941 og vart fullført vinteren og våren 1942. Slike meir


permanente vinterbygde leirar vart sette opp i distrikt der det var oppdrag for AT i lengre tid. Vikedal var ein slik stad. Første sveiten (sveit: av norrønt flokk/gruppe) vart sett opp hausten 1941. Våren 1942 var 5. Bergen sveit innkalla. Dei første sveitane var inne i berre 3 månader. Ein sveit utgjorde 3 troppar a 3 lag a 15 mann. Det vert 135 mann. Kvar tropp hadde ein troppsførar og 3 lagførarar, og 3 nestlagførarar som vart utpeika av lagføraren mellom dei menige. Så var det sveitførar og nestsveitførar. Sveitføraren kan samanliknast med kompanisjef i militæret.

Befalet utgjorde såleis 9 lagførarar, 3 troppsførarar, ein sveitførar og ein nestsveitførar. Staben til sveitføraren var ein kvartermeister som hadde med rekneskapen å gjera, ein underkvartermeister som var ansvarleg for forpleining og kjøken, og ein underkvartermeister som var depotsjef og ansvarleg for klede, skor, reiskap og anna utstyr. Leiren hadde dessutan lege og helseassistent, og det var avtale med tannlege Fagerland i Haugesund om tannbehandling.

Av bygningane var der ei brakke for kontor og administrasjon, ei for innkvartering av befal med messe og sosialrom, fest- og gymnastikksal med badstu og dusj og tørkerom, 3 mannskapsbrakker, kjøkenbrakke med matsal og matlager, vaktbrakke, depotbrakke, og latrine. Desse bygningane låg rundt ein oppstillingsplass. Noko utanfor låg eit anlegg for drikkevatn. Eit latrineanlegg låg også noko utanfor det sentrale leirområdet.

Litt utanfor leiren låg idrettsanlegget med fotballplass, løpebane, hoppegrøper for lengde og høgde, plass for kastøvingar (kule, diskos og spyd) og dragkamp. Arbeidet med plassen var påbyrja av sveiten før oss, og vår sveit gjorde anlegget nesten ferdig. Litt utanfor sjølve leiren hadde lagførar Juland kjøkenhage, der han avla raudbetar, salat m.m. Det var skrinn og tørr jord, så det vart ikkje store avlingar, men som eit tillegg til rasjonane til 20-årige slukhalsar gjorde det godt.

Om den godaste Juland må og forteljast at han var ansvarleg for rabattane rundt brakkene. Me heldt han for å vera ein oskeladd. Han var noko kort av vokster og med mysande augo, stadig oppteken av å få med seg situasjonar



Ei av dei mange røtene som stubbebrytarane drog opp.

som ikkje me menige var så interesserte i. No har denne oskeladden gjeve Vikedal bygdemuseum ei rad med interessante foto og elles opplysningar om AT sitt arbeid i Vikedal, over 50 år etter at det skjedde.

Eksis med spade

Eg har alt fortalt at eksisspaden var av tysk fabrikat. Han vart brukt berre til eksis og i vaktteneste. For å få det til å gå i takt, heitte det: "Spaden opp!" for "på aksel gevær!" og "spaden ned!" for "ved foten gevær!" osb. Me hadde den same drillen med å skifta spaden frå eine skuldra til den andre. Elles var det fremad marsj, bryt av til venstre, høgre om, helt om marsj osb. Når dette var skikkeleg inndrilla, var me på kortare utmarsjar, nokre gonger litt lengre. For å få avveksling i programmet, hadde me økter med idrettsleikar, kulturelle tiltak i festsalen med mykje song, men og undervisning av ymse slag som høyrdé tenesta til.

Så hadde me noko som vart kalla indre teneste. Me fekk instruksjon i korleis me skulle stella rommet i brakka og det utstyret me hadde fått utlevert. Eg trur at dei fleste, som

deltok i denne opplæringa, for all ettertid fekk for vane å ha det ordentleg rundt seg og i nærmiljøet.

I leiren var ei godt organisert vaktteneste. Me patruljerte både utanfor leiren og innadørs, for å sjå etter brann eller eventuelle inntrengjarar. Vaktordninga likna ein del på ei militær ordning, men sterkt tilpassa AT. Spaden var vårt våpen. Denne kunne me bruka mot åtak frå uvedkomande.

Eg har før nemnt at me song mykje, både i arbeid og til fest. AT hadde eiga songbok. Eg har gått kritisk gjennom denne boka utan å finna noko slag spesielle nasifiseringssongar. Der er ei gruppe på sju songar bakerst i boka som er kalla NS-songar. Her er ein del av det kjende tåkepratet om det nye Norge, solkorset m.m. Desse slapp me både å bruka og læra. Det var troppsørar Espedal som var songinstruktør. Han var ein gild ungdomsleiar og ein omgjengeleg type.

Reveljen gjekk kl. 6 om morgonen, og rosignalet kl. 22. Desse signala var like dei gamle norske militære. Etter reveljen måtte me koma oss or senga med ein gong. Rommet, køyene



Trilleplankar blir lagt ut. Lyfting og bering vart grundig innovd for å spara rygg og musklatur.

og golvet måtte vera i full orden til morgenmaten. Etter matøkta var det oppstilling og flaggheis. Under oppstillinga vart dei plukka ut som skulle gjera teneste i leiren. Me fekk 4 måltid for dagen, og maten var godt tillaga. Sjefskokken var stuert frå handelsmarinen. Etter oppstilling og flaggheis marsjerte dei enkelte lag eller troppar til eksersis eller arbeidsoppdrag, som føregjekk i dei to første øktene. Mellom middag og kveldsmåltidet var det idrett og ymse tenester i leiren, eller me fekk hjelpe til på gardane for å få oss ein ekstra matrasjon. Seinare, då me byrja på arbeidsperioden, arbeidde me 5 dagars veke a 40 timer. Laurdag nytta me til ymse andre gjeremål. To gonger hadde me lengre utmarsjar med full opp-pakning. Ein laurdag var me i Vikedalsosen og tok symjeknappen. I det heile var det variasjon i tenesta.

Permisjon

I krigstida var det ikkje så lett å koma seg heim ein tur. Det var sjeldan bussane gjekk som høvde for oss. Løysinga var oftast at fleire slo seg saman om ein drosje med karbidgenerator til Haugesund eller Ølen. Men dei fleste

brukte sykkel. Me fekk berre to langpermar, dvs. frå fredag kveld til sundag kveld. Elles fekk me kortperm frå laurdag ettermiddag til sundag kveld. Eg hugsar ein gong eg skulle heim på perm, og sykla heile vegen frå Vikedal til Eltravåg i Sveio. Derfrå gjekk ei skøyte i rute til Langevåg på Børmlø. Eg sykla så vidare til Sortland.

Då eg kom til bruva over Kuleseidkanalen, stod "gamlelensmannen", Magnus Robberstad (far til dåverande lensmann Henrik R.), på bruva. Han lurte på kven eg var for ein kar og kva eg dreiv med i uniform. Eg provdte å forklara han det heile. Han kjende godt folket mitt. Han undrast på kva me dreiv med i Vikedal. Det låg tydeleg under kva meinung han hadde, at dette var nasifisering av norsk ungdom. Han trudde meg ikkje då eg sa at me ikkje vart utsette for NS-propaganda i det heile. Kvifor hadde han så teke oppstilling på bruva då eg passerte? Jungeltelegrafen var effektiv den gongen, og informasjonstrонgen stor. Dei hadde nok fått melding om ein uniformert person på sykkel på veg nordover øya. Då var det best å prøva å finna ut kva ærend han hadde her ute.


I arbeid

Dei fem siste månadene i AT var arbeid på dyrkingsfelt eller kanalar. Eksisspaden var no hengt vekk og berre brukt i vaktteneste og ved oppstilling no og då. Den første månaden hadde me og fått opplæring i kroppsbruk ved tungarbeid med spade, spett og våg. Dette vart seinare repetert når arbeidsperioden tok til. Eg minnest ikkje at nokon hadde vondt i ryggen i det heile. Troppen eg var i, starta arbeidet med oppdyrking av ei myr på ca. 50 da. hjå Johannes Mo. Denne myra låg inntil leirområdet. Dette bruket var eit bureisingsbruk med relativt nye hus, der utviklinga av ein eller annan grunn hadde stoppa opp. Me tok først ein djup kanal midt etter myra. Det var god dyrkingsmyr - grasmyr på sandunderlag. Så måtte me ta avskjeringskanal mot eit morenera mot leirområdet. Myra var lett gjennomtrengeleg grasmyr, som me grøfta i 6 - 7 meter avstand. Grøftene vart tekne som avsatsgrøfter og lukka med torvbassar frå øvste laget, då desse var seigaste. Alle grøfter kom ned på fast botn. Etter grøfting vart myra spavend.

Eg må nemna litt om kanalgravinga. Ein leirbanke stengde for utløp frå myra til

Vikedalselva. Her vart kanalen djupare enn lenger oppe. Kanalsidene måtte ha skråning 1 : 1. Det vart såleis store massar som måtte takast opp manuelt. Gravemaskinar eksisterte som kjent ikkje den gongen. Teknikken var då å ha stillas slik at massen kunne takast opp på stillas nr. 1, og så vidare opp på stillas nr. 2 og derfrå opp på bakken. Frå kanalkanten måtte massane flyttast innover myra for å fordela lasta, slik at ikkje kanten gleid ut i kanalen.

Veret var heldigvis bra. Eg kan enno sjå for meg brune og veltrente kroppar i arbeid på myra. Me hadde stor glede av å sjå myra ferdig dyrka. Brukarane heldt sprengstoff og tok ymse andre kontantutgifter, elles var arbeidet gratis. Litt lenger nede ved Vikedalselva låg to andre bureisingsbruk, som også fekk dyrka opp teigar på mellom 10 og 20 da. Dette var god morenejord, men "hakkens og spadens soldater" visste også råd med denne. Vår tropp dyrka opp i alt 4 slike tillegg til bureisingsbruk. På desse teigane med morenejord var det ikkje trong for regelmessig grøfting. Noko grøfting var likevel naudsynt her også, og det var ein fin måte å bli kvitt steinen på.



Trillebane i grøftebotn.

Lagføraren hadde funne ut at eg hadde sett steingrøfter før, og såleis hadde røynsle i faget. Eg vart då sett til "spesialarbeidar". Dei andre på laget plukka stein frå feltet og bar til grøftekanten, og leverte til meg som skulle setja grøfta. Ein dag eg stod bøygd nede i grøfta for å få steinane til å passa til einannan, fekk eg ein Stein i hovudet så det svartna for augo. Blodet byrja å pipla. Eg måtte til leiren for å sy eit par sting og bandasjera såret. Eg fekk fri resten av dagen, men neste dag var det på 'an igjen, men då med solid hovudplagg. Etter at såret grodde, vart der eit lite hårlaust parti, som seinare fekk namnet "AT-arret".

Ein tropp dreiv med eit større kanalanlegg med fleire sidekanalar. Denne hovudkanalen var faktisk ei lita elv. Den måtte murast langs sidene i botnen. Eit lengre stykke på 55 m måtte sprengjast. Denne kanalen for gardane Espevoll - Eikeland - Førland var planlagd alt i 1941 av fylkesagronom Nordheim. Lengda var 1280 m, djupna 2,2 - 2,5 m. AT gjorde ferdig 540 m, resten vart gjort i 1963-64. No var gravemaskinane komne. Direkte innvunne areal ved anlegget var vel 300 da, og indirekte innvunne ved forbetra avlaup eit noko større areal. Dette anlegget var det desidert største AT hadde i Vikedal. Dette arbeidet gjekk over fleire år. Seinare, etter ein flaum, måtte noko av muringa i kanalen gjerast om att.

Den siste av dei tre troppane dreiv og med ymse dyrkingsarbeid. Elles var beiterydding ei viktig oppgåve. Vintersveitane dreiv mykje med vedhogst og tømmerhogst. Landet trong i høgste grad alle ressursar. Kvart år var eitt eller fleire lag ute på innhaustingsarbeid. Ei gruppe var t.d. i Etne. Andre var i nærliggjande bygder. Det var mest i potetopptaket. I matknappe tider var det viktig å ta vare på ressursane. AT-gutane likte godt denne endringa i det daglege. Dessutan vanka det ofte litt ekstra mat.

Sluttord

Sidan AT hadde sitt utspring i tankegods frå NS og Quisling, skulle dette elles gode tiltaket teiast i hel. Historikarane våre nøyer seg med å seia at AT var eit forsøk på å nasifisera norsk ungdom, og å førebu dei til ei eventuell tysk

krigsteneste. Ingen har prøvt å gå inn i det som var det eigentlege innhaldet i tenesta.

No, over 50 år etter, torer eg bringa dette emnet på bane. Den norske arbeidstenesta var eit "heilnorsk produkt", rett nok fremja av våre ikkje folkevalde styresmakter, men i høgaste grad tilpassa den situasjonen som rådde i landet då. Refleksjonar over om korleis dette kunne ha gått dersom det sentrale arkivet for den siste krigsårsklassen ikkje hadde vorte fjerna ved sabotasje, må nok bli berre spekulasjonar. Slik eg lærte AT-befalet å kjenna, trur eg ikkje at dei var motiverte til annan type teneste enn den som er forsøkt skildra i denne artikkelen. Eg kan spesielt hugsa korleis dei reagerte hausten 1943 etter at krigslukka for alvor hadde snudd seg på austfronten.

Ei anna side ved arbeidstenesta er dei verdiar som vart skapte gjennom AT. Det kunne no vera på tide med ei nærmare kartlegging av ordninga. Det måtte vore ei interessant hovufagsoppgåve for studentar, eller som emne for ei doktorgradsavhandling. Og framleis lever dei som var med på dette og kjende det på kroppen.

Til slutt tek me med Prolog for slutnadsfesten for sommarsveiten 1943, skriven av Tore Juland.

Prolog

*Bekker sildrar, blir omsider
til ei elv som renn i hav.
Klokka tikkar, dagar skrider,
blir til år som fell i grav.
No er halve året runne,
frå vi kom til bygda her.
Vi har stridt og vi har vunne,
halde ut i allslags ver.
Regnet piska, vatnet fløynde,
stendig ned frå dal og hol,
slik at mange nesten gløynde,
at det enno fanst ei sol.*

*I frå myra, i frå skogen
kom vi slitne mang ein gong,
våt til skinnet, tung i hugen,
men vi stemde i ein song,*

slik at Vikedølen glytta,
i frå stova varm og logn,
lurte på om snart det nytta
koma ut med hest og vogn.

Ja, vi trassa ver og vanskar
i den sumaren som rann.
Kom kje her med silkehanskar,
vi er herda alle mann.
Vi har svinga spett og spade,
kasta veit og rydda stein.
Våte tadt, men alltid glade,
aldri såg eg nokon grein.


Er der nokon her i salen
som kje veit kva vi har gjort.
Ta ein tur bort til kanalen!
Sjå eit arbeid traust og stort.
Store myrar ligg der daude
aldri rudde, triste, aude,
lyng og mose, sur og seig.
Når vi kanskje kjem attende
her ein tur om nokre år,
då er desse myrar vende,
snudd med plog, og bonden sår.

Snart vil bygg og havre bylgja
der det før var audt og snautt,
gylne åkrar skal her fylgja
etter myrland trist og daudt.

Vi har grøfta, vi har grave,
hogge ved og planta skog,
mange gardar får som gave
nyrudt land for harv og plog.

Det vi krev som løn for kavet
er kje pengar, er kje mat.
Men vi reiser dette kravet,
her skal ingen liggja lat.
Her skal odlast, her skal rydjast
meire nyland rikt og raust.
Her skal nye heimar byggjast
fritt og fagert, sterkt og traust.

Ver då velmøtt alle saman
til vår vesle slutnadsfest.
Menn og kvinner, kjend og framand,
ver velkommen som vår gjest.



SKISSE AV AT LEIREN PÅ HOI VIKEDAL
OPPIEKNING UTAN MÅL OG MEST ETTER MINNET AV TORE JULAND